



Protokoll frå årsmøte for 2025 i Volda Småbåtlag

Dato: 26.02.2026

Stad: Høgskulen i Volda

Frammøtte: 18 medlemmer med røysterett

1a: Opning.

Ein minnest medlemmer som har gått bort.

1b: Godkjenning av innkallinga.

Annonse i Møre, påminning pr e-post og sms.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga.

1c: Godkjenning av møteleiar og referent.

Årsmøtet godkjenner Frode Opsvik som møteleiar og Tor Vegard Søvik som referent.

1d: Val av to medlemmar til kontroll av protokoll:

Arne Ullaland og Alf Bjarte Brevik blir vald.

2: Årsmelding for 2025:

Gjennomgang av årsmelding.

Styret sin aktivitet gjennom 2025.

Viktige saker:

- Utleige av gjesteplass til badstove. Det er inngått femårig avtale med Volda E-sport. Volda Rotary har stått for finansiering og bygging av badstova og har bygd rampe for å betre tilkomst til midtbrygga.
- Tankar om utviding av gjesteplassar er midlertidig lagt på is. Dersom ein ikkje får tilskot til prosjektet er det kanskje ikkje så interessant å gå for denne løysinga. Det har vore prøvd på å få til liknande løysing tidlegare, men det har ikkje vore interesse i handelsstanden for å få til dette.
- Er det tankar om å forbetre dieselbrygga? Det kan vere aktuelt å skifte ut denne, då den er noko ustabil ved fortøying av større båtar.

Vedlikehald av brygger og anlegg:

- Linja har utført el-kontroll. I Sentrumshamna fekk vi skryt for tilstanden og ingen avvik. Jonny Sollid og Fred Bjørneset har gjort ein framifrå jobb her. Rotsethamna

hadde fleire avvik, desse er no lukka av Frode Opsvik, Fred Bjørneseth og Tussa Installasjon. Det er behov for meir jamleg vedlikehald av det elektriske anlegget. Noko av dette kan ein legge til dugnadane.

- Rotsethamna har høgt vassforbruk som kan kome av ein lekkasje. Dette må i tilfelle utbetrast før ein opnar stengekrana til våren. Vatnet inn til Lygarbuda har også frose. Vi har ein jobb å gjere med forbetring av dette.
- Faktura på kr 15 000 frå Volda kommune for vassavgift på dette anlegget for 1. kvartal.

Fastsetting av straumpris:

- Straumpris for 2025 blir sett til 1,30 kroner pr kWh.

Hamnereglane:

- Minner om handheving av hamnereglar.

Medlemsregisteret:

- Orientering om medlemsregister og ventelister pr 31.12.2025.

Vedtak: Årsmøtet tek årsmeldinga for 2025 til vitande.

3: Årsrekneskap for 2025:

Revisjonsmelding 2025 framlagt. Ingen feil eller manglar avdekt.

- Einaste merknad er at det bør gjerast vedtak om utbetaling av styrehonorar.

Rekneskap 2025: Gjennomgang for årsmøtet ved Frode.

- Tippemidlar blir registrert under annan driftsinntekt.
- Dersom det er ønske om at styret skal ha uavhengig kontroll av rekneskap frå årsmøtet si side så kan ein re-innføre tidlegare system med Rekneskaps huset eller liknande som rekneskapsfører.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner den reviderte årsrekneskapen for 2025.

4: Fastsetjing av hamneavgift og breiddemeterpris ved tildeling og utleige:

1. Hamneavgift – fastdel: kr 1 250 pr år
2. Hamneavgift – breiddedel: kr 500 pr breiddemeter pr år
3. Depositum/pris ved tildeling av fast båt plass kr 18 500 pr meter

Vedtak: Årsmøtet godkjenner forslaget om uendra hamneavgift og utleigesatsar, og at verdien av båt plassane aukar tilsvarande innbetalt breiddedel av hamneavgifta for 2026.

5: Inkomne saker:

- a) Ønske om ny slange for enklare dieselfylling.
Endre plassering av slangetrommel?
Det kom fleire forslag til endring av plasseringa.

Vedtak: Årsmøtet ber styret undersøke moglege utbetringar på dieselbrygga som gjer det enklare å fylle diesel.

Forslag: Det er fint om styret vurderer moglegheit for utriggar i tilknytning til dieselbrygge dersom denne skal skiftast ut eller om det skal gjerast endringar. Det er då enklare å legge til for fylling. Det er ønske om vass-slange ved dieselbrygga. Det er greitt å kunne spyle plassen rundt.

6: Budsjett for 2026

Gjennomgang av budsjett for 2026.

Forslag i budsjettet om nedbetaling av resterande lån.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2026, som inkluderer kr. 10.000,- i honorar til styreleiar.

7: Val

Valnemnda si innstilling for dei plassane som er på val i februar 2026:

- Styreleiar:
 - Frode Opsvik: attval for 1 år
- Styremedlem:
 - Bård Henriksen for 2 år (rykker opp frå vara)
 - Vidar Nupen for 2 år
- Varamedlem:
 - Ronnie Furset for 2 år
- Valnemnda:
 - Arve Nupen: attval for 2 år

Vedtak: Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling for 2026.

Protokollen er kontrollert av:

Alf Bjarte Brevik

Arne Ullaland